



Eva og Bjørn Svendsen
Frekhaugskogen 10
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/909 - 14/4517

Saksbehandlar:

Lillian Straumøy Brakstad

lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:

26.03.2014

Godkjenning - tiltak utan ansvarsrett. Fasadeendring bustad på Frekhaug, gbnr 23/85.

Administrativt vedtak. Saknr: 64/2014

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad motteke 20.02.2014 med tilleggskommunikasjon motteke 11.03.2014 i Meland kommune. Søknaden gjeld fasadeendring – ny vindauge mot aust – på bustad på gnr. 23 bnr.85 på Frekhaug .

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen ligg i kommuneplanen som bustadområde. Tiltaket krev ikkje dispensasjonshandsaming då eigedomen er bebygd.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla til gbnr 23/61 19.02.2014. Det er ikkje motteke merknader til varselet og alle naboene har samtykka til tiltaket. Omfanget av omsøkt tiltak er av mindre karakter og kommunen gjev fritak frå nabovarsling til gbnr 23/168, 23/167, 23/141 og 23/130. Nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Planløyising og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyising og er i samsvar med Pbl § 29-1.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vedtak

"Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve til fasadeendring – nytt vindauge mot aust – på bustad på gnr 23 bnr 85 i samsvar med søknad motteke 20.02.2014 og 11.03.2014.

Det vert vist til vedlagte teikningar motteke 20.02.2014 og kart motteke 11.03.2014.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så framt det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Meland kommune ber om at det vert meld frå når tiltaket vert starta opp og ferdigstilt.

Gebyr for sakshandsaming følger vedlagt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde."

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Med helsing

Ingvild Hjelmtveit
Rådmann

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Mottakere:

Eva og Bjørn Svendsen

Frekhaugskogen 5918
10

FREKHAUG